

ÅRSRAPPORT 2009

2009 vart eit spennande, utfordrande og, ikkje minst svært gledeleg år for Opera Nordfjord, med innflytting i nytt operahus i april som det store høgdepunktet. Verdspremieren på konsertversjonen av den norske operaen ”Tyrfing” av Johannes Haarklou innleia operasesongen, med stort, samansett kor, eit strålende solistlag og eit utvida, profesjonelt orkester.

Med vår fjerde opera workshop med Elizabeth Norberg-Schulz som kunstnarisk leiar kunne vi på ny tilby både erfarne, profesjonelle songarar og unge talent undervisning og coaching på høgt nivå i eit inkluderande og inspirerande læringsmiljø.

Den store spenninga var knytt til premieren på Carmen i oktober, då akustikken i det nye operahuset vårt for alvor skulle testast med nedsenka orkestergrav. Det vart full klaff for akustikar Arild Brekke i Brekke & Strand Akustikk, og eit begeistra publikum, solistar, kor og orkester kunne gje sitt bifall. H.M. Dronning Sonja kasta glans over ein etterlengta Carmen-premiere, og Eid Kommune var saman med Opera Nordfjord stolt vertskap for den kongelege vitjinga.

Michael Pavelich vart fast tilsett som kunstnarisk og musikalsk leiar i Opera Nordfjord i 50% stilling frå 01.01.09. Med denne tilsettinga har Opera Nordfjord 1,5 faste stillingar, noko som viser at operaselskapet i Nordfjord er i stendig vekst og utvikling.

TYRFING

Den offisielle opninga av Operahuset Nordfjord av Kyrkje- og kulturminister Trond Giske fann stad 25. april, med stor festforestilling med lokale og regionale utøvarar på scena. Helga før, 18. og 19. april, tjuvstarta Opera Nordfjord med verdspremiere på den ukjende operaen Tyrfing, som aldri hadde vore framført tidlegare.

Egil Hjelmeland frå Førde, ein ihuga Haarklou-entusiast, gjorde leiinga i operaen merksam på denne operaskatten, som låg godt gøymt i Nasjonalbiblioteket sine skuffer og hyller. Etter å ha fått laga ein kopi av det handskrivne orkesterpartituret, tok Michael Pavelich fatt på oppgåva med å overføre notar og ord til eit moderne noteskrivingsprogram. Styret meinte at Pavelich sitt forslag om å setje opp nettopp denne operaen som Opera Nordfjord sin første produksjon i det nye operahuset var ein god idé!

Operaen handlar om eit magisk sverd, Tyrfing, som har ei forbanning over seg og drep den det vert retta mot. Premieren 18. april vart ei musikkhistorisk hending, med familien Haarklou til stades saman med gjestar frå heile landet. Solistlaget var samansett av Elizabeth Norberg-Schulz, Nils-Harald Sødal, Tom Erik Lie, Ketil Hugaas, Anders Vangen og Bjørn Gisle Seter.



Eit stort kor var samansett av Nordfjord Operakor og Ålesund Operakor. Operaorkesteret var utvida for å kunne stille med full besetting. Tilbakemeldinga frå eit publikum, som aldri hadde høyrte musikken før, var både overveldande og rørende, og for den nære familien vart konserten ei stor oppleving. ON er stolt over å ha fått vere med på å presentere ein ukjend, norsk musikkskatt i ein slik samanheng. Kva kunne vel passe betre som Opera Nordfjord si innviing av operahuset, enn å framføre eit verk av ein komponist frå eige fylke?

OPERA WORKSHOP

I perioden 23. juni- 4. juli arrangerte ON for fjerde gong Nordfjord Internasjonale Opera Workshop med Elizabeth Norberg-Schulz som kunstnarisk leiar. Ni søkjarar, åtte frå Noreg og ein frå Italia, fekk intensiv og inspirerende undervisning i 10 dagar av Norberg-Schulz og piano- og vokal coach Sergio Oliva frå Operaen i Roma. I løpet av desse dagane deltok songarane på tre konsertar: Intimkonsert på Hotel Alexandra i Loen laurdag 25. juni, Meisterkonsert i Operahuset Nordfjord tysdag 28.06 saman med Norberg-Schulz og til slutt operagallakonsert laurdag 4. juli med alle deltakarar, der første del var iscenesette utdrag frå operaen *Sour Angelica* av Puccini og den andre delen var eit variert galla-program.

Sjølv om kursdeltakarane var svært nøgde og vi arrangerte tre flotte konsertar, må vi diverre konkludere med at vi ikkje fekk nok søkjarar dette året for at det kunne bere seg økonomisk. Etter fire flotte år må vi ha ei grundig evaluering og prøve å finne vår eigen nisje i konkurranse med andre aktørar i Noreg. Vi ser fram til å leggje spennande planar for ein ny, tilpassa opera workshop om eit år eller to!

CARMEN OG DRONNING-VITJING

Sjølv om både verdspremiere på Tyrving og opera workshop i nytt operahus med to nye flygel til rådevelde var vel gjennomført, var det likevel operaen Carmen av Georges Bizet det var knytt største spenning til. Mange nye utfordringar venta då ein skulle ta i bruk ny sceneteknikk, med orkerstergrav, scenetårn og lysbru som etterlengta ”hjelpemiddel” i ein omfattande operaproduksjon. Etter 11 år i aulaen på Fjordane Folkehøgskule var forventingane til endeleg å flytte inn i nytt hus store. Dei vart meir enn innfridde, då vi hadde den aller første prøven i operahuset, med orkester på 44 musikarar i grava, 57 i operakoret, 25 i barnekoret, 10 solistar, 4 dansarar og 8 statistar på scena. Med perfekt balanse mellom orkestergrav og scene vart akustikken i salen godkjent med terningkast seks! Publikum kunne nyte forestillinga i komfortable stolar med god plass til dei med meir enn gjennomsnittleg beinlengd.

H.M. Dronning Sonja til Opera Nordfjord

Opera Nordfjord hadde ”spart” Carmen i mange år, heilt sidan dei første planane om nytt operahus tok form i 2003. Det vart då bestemt at Carmen skulle vere opningsforestillinga i Operahuset Nordfjord når det sto ferdig, og vi ville satse alt for at HM Dronning Sonja skulle vere til stades i salen på premierekvelden. Onsdag 7. oktober kunne Opera Nordfjord stolt



ønskje vår dronning velkomen til både Opera Nordfjord og Operahuset Nordfjord. Då H.M . Dronning Sonja opna operavekene frå scenekanten, vart ein mangeårig draum til røyndom! Med dronning-vitjing i Green Room i pausen, der dei frivillige fekk helse på H.M. Dronning Sonja og med etterfølgjande flott premieremiddag på Nordfjord Hotell, kunne ikkje Opera Nordfjord ønskje ei flottare markering av og råde rundt den første operapremieren i nytt og ”eige” operahus!

Kunstnariske leiarar og solistar

Regissør for Carmen var engelske John La Bouchardiére, musikalsk leiing ved Michael Pavelich, scenografi ved John Kristian Alsaker, kostymer ved Anne Spets, lys ved Svein Roald Knudsen, og maske ved Maren Togstad. Solistlaget var samansett av følgjande songarar: Anna Einarsson (Carmen), Thomas Ruud (Don José), Ann Helen Moen (Micaëla), Trond Gudevold (Escamillo), Vibeke Kristensen (Frasquita), Siv Oda Hagerupsen (Mercedes), Kristian Krokslett (Remendado), Bård Bratlie (Dancairo), Patrik Landgren (Zuniga) og Thorbjørn Gulbrandsøy (Morales).

Med regissør-sifte så seint som i midten av august, då Jay Lesenger diverre måtte trekkje seg av personlege grunnar, var spenninga ekstra stor då La Bouchardiére tok over. På kort tid laga han ei flott Carmen-forstilling saman med alle dei kunstnariske leiarane. Eit begeistra og fulltallig publikum tok vel imot vår Carmen kveld etter kveld.

Eid Vidaregåande Skule

Opera Nordfjord har hatt eit formelt og forpliktande samarbeid med Eid vidaregåande skule sidan 2005; Carmen var såleis den 5. produksjonen, der scenografien var ein del av dette samarbeidet. Både skule og opera er strålande nøgde med denne utvekslinga av ressursar, der ON engasjerer scenografen, og skulen sine lærarar og elevar på ”Handverk og design” byggjer kulissane saman med våre frivillige kulissemedarbeidarar. Gjennom denne avtalen får skulen arbeide tett saman med ein ny scenograf kvart år, noko som bidreg til auka kompetanse både for lærarar og elevar gjennom stadig å lære nye teknikkar. ON får nødvendig arbeidskraft gjennom villige elevar og kompetente lærarar, og skulen sin innsats har blitt avgjerande for ikkje å slite ut dei vaksne, frivillige, som tidlegare bygde alle kulissar på si fritid. No får vi ei gjensidig fordeling av arbeidsoppgåver, etter avtale med dei to arbeidsgruppene, og arbeidet vert samordna mot slutten av produksjonsperioden, når alle kullissar skal monterast på scena.

OPPSUMMERING

Alle 8 forestillingar til Carmen var utselde fleire månader før premieren. Om det skuldast Carmen, det nye operahuset eller forventingar til Opera Nordfjord er vanskeleg å seie. Mest sannsynleg var det ein kombinasjon av alle tre. Utdfordringa vert å fylle operahuset på nye, framtidige produksjonar, enten det er kjende operaer frå operalitteraturen eller urpremierer. Vi vonar at vårt operapublikum skal vekse i antal, og at dei skal komme frå heile Noreg, ha stor aldersspreiing og at dei skal komme frå alle kulturelle og sosiale lag i folket. Den typiske operapublikummaren skal ikkje finnast! Han skal vere kven som helst, komme frå kvar som helst og ikkje trenge å ha verken utdanning, kulturdanning, musikk-kunnskap eller tene meir



eller mindre enn andre. Vi skal rett og slett nå ut til alle og røre ved hjarta! Utfordringa vert ikkje å lage noko som folk flest likar, men å overtyde dei om å kjøpe billett og få dei til å tru at dette kan vere noko for dei. For at dei vil like det vi kan tilby, er vi sjølv sagt ikkje i tvil om!

Kvalitet skal alltid stå i sentrum for alt vi gjer, men vi skal ikkje alltid gje vårt publikum det ”dei vil ha”. Vi skal ta vare på og forvalte vår oppdragarrolle gjennom å tilby både produksjonar frå den klassiske operalitteraturen og spennande nysatsingar gjennom å setje opp tingingsverk eller verk som aldri har blitt framført. Vi skal vere nyfikne og utolmodige på kunsten sine vegner og tore å gå nye vegar, som ingen har gått før oss. Satsinga på barn og unge skal halde fram. Dei 26 talentfulle og dedikerte borna som var med i barnekoret i Carmen og berre ventar på å få vere med på nye produksjonar, gjev oss stor tru på at Opera Nordfjord går ei lysande framtid i møte!

Nordfjordeid, den 26.02.10.

Kari Standal Pavelich